

## Årsmelding Juniorkro 2010.

Sidan årskulla på Lye og Vestly er noko mindre enn dei var for nokre år tilbake, var det naturleg nok ikkje like mange som møtte på Juniorkro 2010 som tidlegare år. Vi er tre leiarar og mellom 20 og 35 ungdomar som møtes annakvar fredag på forsamlingshuset. Vi har 28 betalande medlemmar. I tillegg har vi om lag 15 som kjem innom nokre fredagar. Om lag 50 % av 6.- og 7.klassingane på Lye og Vestly er innom Juniorkro nokså fast.

Vi vil rette ein ekstra takk til dei som er med og hjelper oss med transport til Bowling-tur, andaktshaldarar og andre som er med en fredagskveld eller to når ein av dei faste leiarane ikkje kan komme.

I 2010 har vi hatt Juniorkro ti fredagar 19.00 – 20.30. Etter sang- og andaktssamling har vi delt oss inn i ulike aktivitetsgrupper. Det kan til tider være utfordrande med 3 leiarar å være på kjøkkenet, ved billiard-bordet, i hovedsalen ved musikkinstrumenta, på loftet med dei som spelar brettspel og i lagegruppa samstundes. Vi hadde hatt god bruk for nokre ungdommar, gjerne konfirmantar, som kunne vore med nokre gonger på Juniorkro.

For Juniorkro

Jarle Sæbø  
Leiar